



**Rovviltutvalet for  
Surnadal og Rindal**

Rovviltnemnda Region 6  
c/o Statsforvalteren i Trøndelag  
Postboks 2600  
7734 Steinkjer

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar	Dato
	22/01487-4	Tore Gjul/Elin Moen/Bjarne Lund/Ola Aarnes	08.09.2023

**Høringsuttale - Revidert forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge.**

Rovviltnemnda i region 6 Midt-Norge la den 09.06.2023 ut forslag til revidert forvaltningsplan for regionen ut på offentlig høring. Region 6 omfattar fylka Trøndelag og Møre og Romsdal. Høringsfristen er satt til 10. september 2023.

I samband med høringa kjem det ein felles utale frå Surnadal kommune og Rindal kommune, da frå «Rovviltutvalet for Surnadal og Rindal».

Surnadal kommune og Rindal kommune ser at det lite endringar i den reviderte plan for våre forvaltningsområder. Både forvaltningsområda for gaupe og jerv er uendra for Møre og Romsdal, noko vi støttar.

Prioriteringar ved bruk av midlar til forebyggande tiltak og konfliktdempande tiltak ser også fornuftige ut.

Vi vil likevel be om at disse punkta blir særleg vektlagt ved revidering av forvaltningsplana:

- Surnadal kommune og Rindal kommune ber om at Trollheimen blir vidareført som prioritert beiteområde for sau og tamrein også i neste forvaltningsplan.
- Jerv i prioritert beiteområde bør fortrinnsvis tas ut før yngling for å unngå hiuttak.
- Forvaltningsplana bør ha med at det alltid er en ambisjon at bestandsmålet for jerv skal nås, enten man ligger over eller under, og at vedtatt kvote skal felles enten ved lisensjakt eller gjennom uttak utført av SNO.

Mvh

Oddvar Mikkelsen  
Leder Rovviltutvalet for Surnadal og Rindal.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*